Velkommen til nytt barnehageår!

Velkommen til nye og gamle born og føresette ved Stova. Då er me i gang med barnehageåret 2020/2021. Me håper alle har hatt ei fin sumar. Den første tida er satt av til tilknyting av dei nye borna som har starta på Stova. Målet med tilknytingsdagane er å skape tryggleik for borna. Det at borna er trygge er avgjerande for læring og utvikling. Vi vel derfor å setje av god tid til dette.

På Stova er det 3 born fødd i 2018 og 4 born fødd 2019. I løpet av hausten blir vi 8 born på Stova. Dei som er fødd i 2018 vert kalla småstjerne og dei som er fødd i 2019 vert kalla ministjerner. Det er ein ledig plass for eit born under 3år. Det er 3 vaksne på jobb kvar dag på Stova.

Personalet på Stova:
Lise B. Rasmussen – pedagogisk leiar 100%
Elin R. Søhoel – fagarbeidar 100%
Hildegunn S. Heggestad – assisent 80%
Sandhya K. Holene – 20%

Me ynskjer at de foreldre lager eit songkort til borna dykkar (A4). De kan få ark/papp av oss (spør oss). Her kan det vere bilete av bornet, song eller regler som borna likar. Personalet på Stova laminerer dette og songkortet vert brukt i samlingane.

Stova har ei lukka facebookgruppe: «Stova-barnehageåret 2020/2021», fint om de søker opp gruppa og spør om å bli medlem. Her vil vi leggje ut litt bilete (med omsyn til personvern), litt oppdateringar og liknande.

Hugs å hjelpe bornet med **handvask** når de kjem i barnehagen om morgonen!

Me ynskjer eit god samarbeid med de føresette. Det er viktig å ha god kommunikasjon der me tek opp saker som er viktig for bornet.

Kontaktinformasjon
Gamlestova barnehage
Hafslovegen 43
6869 Hafslo
Tlf kontoret: 57685850
Tlf Stova: 96946759

Me ser fram til eit spanande og innhaldsrikt barnehageår!

Personalet på Stova ☺